



Inge Alver
Røsvika 12
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/925 - 14/3721

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
23.04.2014

Skilting av gamlevegen Soltveit-Haukeland

Viser til telefonsamtale med Monika Soltveit Gabrielli.

Radøy kommune fått midlar til å skilta den gamle bygdevegen over Radøy som gjekk frå Alverstraumen i sør til Rossnes i nord. Dette var den gamle hovudvegen over Radøy, som var i bruk til kring 1900.

Vegen skal skiltast på den måten at ein set opp startpunkttafler (50 * 70 cm) ved byrjingane av stiane (ei på Soltveit og ei på Haukeland), og elles retningsskilt der det er andre stiar som tek av frå denne stien. Eg har lagt ved bilete av desse to skilttypane. Eg har også lagt ved eit kart som viser traseen for gamlevegen over dykkar eigedom.

For kunna setja opp skilt langs vegen, må me ha ein skriftleg avtale med alle grunneigarane. Vedlagt er ein slik avtale, og frankert konvolutt til å returnera denne i, dersom de synes den ser grei ut. Eventuelle merknadar kan førast på. Avtalen vert ikkje tinglyst.

Har de spørsmål, kan eg kontaktast på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post:
bente.hervik@radoy.kommune.no

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
arkivleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Inge Alver	Røsvika 12	5936	MANGER
Oddvin Remme	Vågedalen 5	5163	LAKSEVÅG
Alfred Haukeland	Mobakken 1	6869	HAFSLO
Asbjørn Gerhard Knarvik	Soltveitvegen 65	5911	ALVERSUND